



Statens vegvesen

Møteinnkalling

Til: Eva Vinje Aurdal, Tore Johan Øvstebø, Øystein Tvedt, Kristin Sørheim, Anders Riise, Kjetil Strand, Ove Nesje, Jøran Mentzoni Eilertsen, Torbjørn Vatnehol, Bjørn Sunde, Øyvind Gangstad, Nils Inge Romarheim, Ole Kristian Birkeland, Olav Megrund, Marius Maske.

Kopi: Carl Johansen, Vebjørn Krogsæter, Arild Fuglseth.

Fra: Sekretariatet for Bypakke Ålesund.

Saksbehandlar: Nils Inge Romarheim

Tlf. saksbeh.: 906 59 309

Vår dato: 14.06.2023

Møte i styringsgruppe for Bypakke Ålesund – Møte 5/2023

Møtestad:	Teams
Møtedato:	16.06.2023
Møtetid:	1000 – 1200
Møteleiar:	Tore Johan Øvstebø

Saksliste

Punkt	Sak	Innleder / Ansvar	Tid
1	Innleiing ved leiar for styringsgruppa	Tore Johan Øvstebø	1000 – 1005
2	Vurdering av porteføljen i bypakka og om enkeltprosjekt i porteføljen er utsett for å gå over kostnadsoverslag eller styringsramme.	Nils Inge Romarheim	1005 – 1030
3	Sykkelveg på prosjektet E136 Lerstadtoppen – Campus	Nils Inge Romarheim	1030 – 1040
4	Orientering frå Vegamot: <ul style="list-style-type: none">– Passerings- og inntektsstatistikk– Status passeringstak for takstgruppe 2– Gjennomsnittstakst	Marius Maske	1040 – 1100
5	Rapportering 1. tertial	Nils Inge Romarheim	1100 – 1115
6	Risikovurdering av bussdrift i sentrum	Jesper Wiig (FRAM)	1115 – 1140
7	Eventuelt	Nils Inge Romarheim	1140 – 1145

Styringsgruppa for Bypakke Ålesund

Ålesund kommune: Ordførar Eva Vinje Aurdal, Tore Johan Øvstebø (leiar) og Øystein Tvedt.
Vara: Vebjørn Krogsæter.

Møre og Romsdal fylkeskommune: Kristin Sørheim og Anders Riise. Vara: Carl Johansen.

Statens vegvesen: Leiar Transport midt, Kjetil Strand, og leiar Utbygging midt, Ove Nesje.

Sekretariatet for Bypakke Ålesund

Ålesund kommune: Jøran Mentzoni Eilertsen.

Møre og Romsdal fylkeskommune: Torbjørn Vatnehol (Bjørn Sunde).

Statens vegvesen: Nils Inge Romarheim – leiar (Kjetil Sporsem).

Kommunikasjon: Øyvind Gangstad (Christine Rørvik).

Sak 3 – Sykkelveg på prosjektet E136 Lerstادتoppen-Campus

Prosjektet E136 Lerstادتoppen-Campus er skildra slik i proposisjonen for bypakka:


Prosjektet E136 Lerstادتoppen-Campus følger i ei direkte forlenging av hovudprosjektet i bypakka, E136 Breivika-Lerstad. Prosjektet inneber ei utviding av E136 til 4-felts veg/veg med sambruksfelt frå avslutninga av Breivika-Lerstad-prosjektet fram til Campus, samt eit nytt tunnellop og ei ny tofeltsbru i retning Campus. Total lengde for heile prosjektet er om lag 2,9 km. Reguleringsplanen for prosjektet vart vedteken i 2020.

Vidare står det om innrettinga av prosjektet:

Bystyret i Ålesund la til nokon tilleggspunkt til vedtaka sine, der dei mellom anna ber om at tiltaket E136 Lerstادتoppen-Campus blir vurdert heilt eller delvis erstatta av kollektivtiltak i samsvar med COWI-rapporten «Framtidige kollektivkonsept i Ålesund», jf. tilleggspunkt 3. Fylkeskommunen har ikkje slutta seg til dette. Det blir derfor lagt til grunn at ei slik vurdering kan gjerast av styringsgruppa som ein del av porteføljestyringa for bypakka. Ei eventuell endring i prosjektporteføljen må handterast innanfor den økonomiske ramma som blir fastsett for bypakka.

Prosjektet er altså ikkje omtala med sykkelveg i proposisjonen, og det låg heller ikkje inne sykkelveg i anslaget som vart gjort i forkant av behandlinga av proposisjonen. Det er likevel lagt opp til i proposisjonen at styringsgruppa kan vurdere prosjektet. Føremålet med bypakka er at fleire skal sykle, gå og reise kollektivt, og at delen reiser med personbil skal reduserast. Med bakgrunn i dette, er det naturleg at prosjektet vert bygd med sykkelveg.

Partane i bypakka hadde hausten 2022 eit møte om sykkel i bypakka. Der gjekk ein mellom anna gjennom sykkelprosjekta, slik dei er vist på kartet nedanfor.



Sykel langs riksveg er eit statleg ansvar. Statens vegvesen stadfesta i møtet at ein ville ta med sykkelveg som ein del av prosjektet E136 Lerstادتoppen-Campus. Då har ein, med ferdigstilte prosjekt, fått ein samanhengande sykkelveg langs riksveg frå Moa til Campus. Etersom prosjektet

ikkje tidlegare er beskrive med sykkelveg, ønskjer sekretariatet eit vedtak i styringsgruppa som bekreftar at sykkelveg skal inngå som ein del av utbygginga av prosjektet.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa støttar at sykkelveg skal inngå som ein del av prosjektet E136 Lerstادتoppen-Campus. Prosjektet må derfor planleggjast og byggjast ut med sykkelveg.

Sak 5 – Rapportering pr. 1. tertial

Tertialrapporten presenterer saka.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa tar Tertialrapport for 1. tertial 2023 til etterretning.

Bypakke Ålesund



Illustrasjon som viser det nye kollektivknutepunktet i Ålesund sentrum

Tertialrapport for 1. tertial 2023

Innhold

Samandrag.....	3
Økonomi	3
Prosjekter og aktivitet i 2023	7
Statens vegvesen	7
Møre og Romsdal fylkeskommune.....	8
Ålesund kommune	8

Samandrag

Rapporteringa i bypakka må sjåast opp mot vedtatt budsjettokument for bypakka frå mars i år. Rapporteringa gir styringsgruppa nødvendig styringsinformasjon for å følgje opp at vi når måla våre og at vi har ein sterk kostnadskontroll innanfor dei fastsette økonomiske rammene for bypakka.

I bypakka vert det rapportert til styringsgruppa tertialvis, og elles ved hendingar eller endringar i sluttprognoser. Det vert lagt fram tre rapportar i løpet av eitt år – 1. tertial, 2. tertial og årsrapport. Sekretariatet i bypakka følgjer opp den løypande rapporteringa utanom desse tidspunkta.

Rapporteringa etter 1. tertial viser at det ikkje er vesentlege avvik som må følgjast opp på porteføljenivå. Det er ikkje meldt om behov for auka sluttprognose for noko prosjekt i denne rapporteringa. Samla sett er det ein mindre justering i rapportert årsprognose i høve årsprognose i vedtatt budsjett.

Økonomi

I mars vedtok styringsgruppa eit budsjettokument for 2023 med eit budsjett for bypakka på 402,7 mill. kroner. Samstundes vart prognosen for året i budsjettokumentet sett opp med 357,6 mill. kroner, altså noko lågare enn budsjettet.

Rapportert årsprognose ved 1. tertial er 348,9 mill. kroner. Dette er samla ein reduksjon i årsprognose på 8,7 mill. kroner frå vedtatt budsjettokument. Reduksjonen i årsprognose er ein følgje av endringar på fleire prosjekt, og kan splittast opp som forklart under.

- E136 Breivika-Lerstad har ein auke i årsprognose på 9,0 mill. kroner. Dette har ingen verknad for sluttprognosen for prosjektet. I budsjettet er prosjektet sett opp med 213 mill. kroner. Årsprognosen er no 125 mill. kroner og heile dette forbruket vert finansiert med avsette bommidlar.
- E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus har redusert årsprognosen med 5,7 mill. kroner til 52,7 mill. kroner. Dette skuldast noko seinare kontrahering enn tidlegare føresett. Mindreforbruket for året vert overført til 2024.
- Kollektivknutepunktet ved Campus har ikkje tildeling i budsjettet for 2023. Det var likevel sett opp ein prognose på 11,5 mill. kroner i vedtatt budsjett, og denne er no auka med 5 mill. kroner. Auken skuldast meir omfattande pliktig grunnerv. Av årets rapporterte prognose på 16,5 mill. kroner, er no 10 mill. kroner knytt til grunnerv.
- E136 Lerstadtoppen-Campus har fått redusert årsprognose med 2 mill. kroner til 2,5 mill. kroner.
- På sekkeposten er årsprognosen redusert med 15,1 mill. kroner. Dette er ei direkte følgje av at ein har fått eit tilskot på 15 mill. kroner frå tilskotsordninga for mindre byområde til prosjektet sykkelveg Tonningsgate-Steinvågbrua. Største delen av forbruket på prosjektet i år vil finansierast av tilskotet. Denne delen av prosjektet vert dermed finansiert utanfor ramma for bypakka i år, slik at årsprognosen for sekkeposten er redusert med 15 mill. kroner. Tilsvarende er den delen av ramma for prosjektet som gjeld bypakka, redusert med 15 mill. kroner.

Ramma for bypakka er på 4.872 mill. 2023-kroner. Det er inga endring i rapportert sluttprognose for prosjekta som inngår i bypakka. Det ligg inne ein ufordelt inndekning på 11 mill. kroner som styringsgruppa i samband med gjennomgang og prioritering av porteføljen, må finne inndekning for.

Tabell 1 – Rekneskap, budsjett og årsprognose for Bypakke Ålesund – 1. tertial – mill. kroner.

Rapportering - 1. tertial

2023-kroner

				1	2	3	4	5	6	7	8		
		Ramme	Prognose	Framdrift		Årsbudsjett, årsprognose, rekneskap							
		Gjeldande styringsramme	Rapportert sluttprognose	Byggestart (Prognose/ faktisk)	Trafikkåpning (Prognose/ faktisk)	Til disposisjon	Budsjett	Årsprognose (i vedtatt budsjett)	Årsprognose (rapportert)	Budsjett hittil i år	Regnskap hittil i år	Avvik Årsprognose 4 - 3	Avvik Til disp 4 - 1
Bypakke Ålesund - Portefølje		4 872	4 872			-402,7	402,7	357,6	348,9	85,3	65,1	-8,7	-53,8
1	E136 Brosundbro og ny gate Keiser Wilhelms gt	361	361	01.03.2024	01.12.2025	5,1	-5,1	25,0	25,0	0,7	0,5	0,0	30,1
2	Kollektivterminal – gateterminal i Keiser Wilhelms gt	101	101	15.06.2023	01.12.2024	-44,7	44,7	27,0	27,0	12,3	0,8	0,0	-17,7
3	E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus	92	92	15.06.2023	31.12.2025	-62,7	62,7	58,4	52,7	1,9	1,5	-5,7	-10,0
4	Kollektivknutepunkt ved Campus Ålesund	330	330	01.09.2024	30.11.2026	-0,2	0,2	11,5	16,5	0,9	0,1	5,0	16,3
5	E136 Breivika-Lerstad	2 527	2 527	01.03.2022	01.07.2027	-213,0	213,0	116,0	125,0	53,8	35,3	9,0	-88,0
6	E136 Lerstادتoppen-Campus	557	557	01.01.2025	01.07.2028	0,2	-0,2	4,5	2,5	0,5	0,7	-2,0	2,7
7	Sekkepost kollektiv, TS, sykkel, gåing	343	343	-	-	-32,0	32,0	38,5	23,4	-	6,1	-15,1	-8,6
8	Fv. 60 Blindheim-Flisnes	397	397	01.01.2024	31.05.2026	-43,7	43,7	62,5	62,6	14,6	17,2	0,1	18,9
9	E39 Myrland, påkjøringsrampe	63	63	-	-								
10	Bomstasjoner	50	50	01.02.2022	22.08.2022	3,7	-3,7	0,8	0,8	0,8	0,3	0,0	4,5
11	Planlegging og prosjektering	63	63	-	-	-15,2	15,2	13,4	13,5	-	2,5	0,1	-1,8
Ufordelt inndecking		-11	-11										

		Ramme	Prognose	Framdrift		Årsbudsjett, årsprognose, rekneskap							
		Gjeldande styringsramme	Rapportert sluttprognose	Byggestart (Prognose/ faktisk)	Trafikkåpning (Prognose/ faktisk)	Til disposisjon	Budsjett	Årsprognose (i vedtatt budsjett)	Årsprognose (rapportert)	Budsjett hittil i år	Regnskap hittil i år	Avvik Årsprognose 4 - 3	Avvik Til disp 4 - 1
Tilskuddsordning for mindre byområde													
704	Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua	15,00	15,00	2023-09	2024-05	-15,0	15,0	15,0	15,0				

Tabell 2 – Rekneskap, budsjett og årsprognose for Post 7 Sekkepost kollektiv, TS, sykkel, gåing – mill. kroner.

Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Stat Fylke Kommune	Styrings- ramme 2022-kr	Slutt- prognose	Avvik	1	2	3	4	Byggestart	Trafikkåpning
						Budsjett	Rekneskap	Årsprognose	Avvik 3-1		
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - Stat	S	12,6	-	-12,6						
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - Fylkeskommune	F				0,1	0,1	0,1	0,0	2022-06	2022-12
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - Kommune	K				1,8		1,8		2023-06	2023-12
702	Sykkelveg ved Volsdalens skole	F	50,3	52,0	1,7	4,0	0,0	0,5	-3,5		
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum	F	12,6	12,6	0,0						
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum	K	12,6		-12,6						
704	Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua	F	22,1	22,1		14,1	0,6	4,1	-10,0	2023-09	2024-05
707	Sykkelveg Steinvågbrua	F									
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Stat	S	12,6	-	-12,6						
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Fylkeskommune	F				1,6	0,0	1,6	0,0	2022-09	2022-12
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Kommune	K				1,3		1,3		2022-11	2023
732	Hessafjordvn-Slunningen med snuplass	K	31,4	31,4	0,0	-0,4	0,2	-0,4	0,0	2022-08	2023
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	S	31,4	-	-31,4						
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	F									
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	K									
734	Fremkommelighet- Aspøya	F									
734	Fremkommelighet- Aspøya	K	12,6		-12,6						
738	Busstopp på Moa, tiltak for raskere og bedre bussavvikling	S	6,3	5,9	-0,4	-0,4	4,9	5,5	5,9	2022-08	2022-12
761	TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Stat	S	12,6	-	-12,6						
761	TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Fylkeskommune	F								2022-06	2022-12
761	TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Kommune	K				3,6	0,1	3,6	0,0	2023-05	2023-11
762	Fortau Ytre Hessen(fra skolen)	K	18,9		-18,9			2,0	2,0	2023-10	2024-11
763	Undergang på Bjørge, FV107-Ellingsøy	F	25,2	25,2	0,0	2,0	0,1	1,0	-1,0		
764	Myrlandsvn fortau, del 1	K	18,9		-18,9						
765	TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum, mindre tiltak	K	3,4		-3,4						
766	Skoleveg-Skarbgt-Hessaskaret	F	5,0	2,3	-2,8	2,3	0,0	2,3			
767	Fortau -skolevg Hatlane, Fv399 Bvn	F	3,8	3,8	0,0	2,0			-2,0		
	Sum	SFK	292,1	155,2	-136,9	32,0	6,1	23,4	-8,6		

			1	2	3	4	Byggestart	Trafikkåpning	
Tilskuddsordning for mindre byområde	Styrings- ramme	Slutt- prognose	Avvik	Budsjett	Regnskap HIÅ	Årsprognose	Avvik 3-1	Prognose/ faktisk	Prognose/ faktisk
704 Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua	15,00	15,00		15,00		15,00		2022-08	2022-12

Merk at prosjekt 704 Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua er splitta etter finansiering på to linjer i tabellen. Samla styringsramme for prosjektet er 37,1 mill. kroner.

Tabell 3 – Rekneskap, budsjett og årsprognose for Post 11 Planlegging og prosjektering – mill. kroner.

Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Finans.	Budsjett	Rekneskap HIÅ	Års- prognose	Avvik 2
111	Forskuttering Ålesund kommune, 2020	K				
112	Kommunikasjon	K	2,70	0,74	2,70	
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - Fylkeskommune	F				
701	Planlegging av mindre sykkeltiltak (ÅK)	K	1,50	0,68	1,50	
702	Sykkelveg ved Volsdalens skole	F	2,00	0,00	1,00	-1,00
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum	F	0,40		0,20	-0,20
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum	K	0,50	0,01	0,50	
704	Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua	F	1,00	0,45	1,40	0,40
707	Sykkelveg Steinvågbrua	F	0,30		0,30	
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Fylkeskommune	F				
731	Planlegging av mindre kollektivtiltak (ÅK)	K	0,50	0,12	0,50	
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	F				
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	K	0,10	0,01	0,10	
734	Fremkommelighet- Aspøya	F	0,50		0,20	-0,30
734	Fremkommelighet- Aspøya	K	0,75	0,02	0,75	
761	TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Fylkeskommune	F				
761	Planlegging av mindre tiltak trafiksikkerhet (ÅK)	K	1,50	0,32	1,50	
762	Fortau Ytre Hessen(fra skolen)	K	1,00	0,19	1,00	
763	Undergang på Bjørge, FV107-Ellingsøy	F	2,00		1,50	-0,50
765	TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum, mindre tiltak	K		0,01		
767	Fortau -skoleveg Hatlane, Fv399 Bvn	F	0,56		0,30	-0,26
	Sum		15,31	2,55	13,45	-1,86

Prosjekter og aktivitet i 2023

Statens vegvesen

- E136 Brosundbro, Waterfront – Prosjektering og klargjøring for oppstart. Videre prosjektering fortsetter iht vedtatt trafikkkløsing. Året vil gå med til prosjektering og anbudsgrunnlag. Utlysning av prosjektet blir høst 2023 med oppstart vinter 2024. Søknad om styringsramme straks anslag er gjennomført. Trafikkåpning er satt til desember 2025. Prosjektet er utsatt med ett år iht Bypakkens framdriftsplan. Vedtak i kommunestyret om bredde på bro er i avvik med reguleringsplan og innstilling fra styringsgruppen. Styringsgruppen må innstille på fremdrift for prosjektet og eventuelle konsekvenser.
- E136 Breivika-Lerstad – Hovudentreprise skal lyses ut i løpet av mai 2023. Inngåelse av kontrakt er planlagt i løpet av høst/vinter 2023, med oppstart på nyåret 2024. Forberedende entrepriser Lerstad er avsluttet – og forberedende entrepriser Breivik pågår. Østre del av traseen har blitt omregulert siste året. Ny reguleringsplan ble vedtatt i februar 2023. Ifbm med omreguleringen er det endret kontraktsstrategi fra én totalentreprise til to forberedende utførelsesentrepriser og utførelsesentrepriser for tunnelen og vegsystemet. Det er fortsatt usikkerhet knyttet til massedeponi for tunnelstein og markedsutvikling/prisnivå. Det er avtalt ulemperstatning til Ålesund behandlingssenter på grunn av støyende anleggsarbeider og rystelser.
- Kollektivknutepunkt Campus – Det pågår arbeid med prosjektering og grunnnerv. Fremdrift er tilpasset handlingsprogrammet med planlagt byggestart i sept 2024, - forutsatt oppstartsbevilgning. Prosjektering med internt team SVV fra fagressurs starter høst 2023.
- Kollektivknutepunkt Ålesund sjukehus - Oppstartsbevilgning gitt i 2022. Det er gjort endringer på prosjektet iht vedtak styringsgruppa: Busstoppet i vestgående retning er flyttet til nordsiden av Borgundvegen. Sykkelløysing er endret fra sykkelvei med fortau på Sørsida av Borgundvegen, til sykkelfelt på begge sider. Inngåelse av kontrakt med entreprenør: 3 mai 2023 og oppstart av prosjektet sommer 2023. Prosjektet er også tilpasset et framtidig parkeringshus for HMR.
- E136 Lerstadtoppen – Campus - Innfartsvegen til Ålesund i forlengelsen av Lerstad tunnelen. Anleggsstart vinter 2025 forutsatt oppstartbevilgning. Prosjektering med interne ressurser starter høst 2023. Samordnes med Miljøgate Campus. Trafikkåpning sommeren 2028.

Møre og Romsdal fylkeskommune

- Kollektivknutepunkt i sentrum – Inngåing av kontrakt på våren og oppstart av prosjektet sommaren 2023.
- Fv. 60 Blindheim-Flisnes – Arbeid med prosjektering og eit omfattande grunnerv. Utlysing av prosjektet på hausten.
- Sykkelveg Tonningsgate-Steinvågbrua – Utlysing av prosjektet på våren og oppstart sommar/haust.
- Reguleringsplanlegging på Bjørge og sykkelfelt Volsdalen skule.
- Planleggingsaktivitet – Planlegging av prosjekt på sekkeposten.

Ålesund kommune

- Strakstiltak trafiksikkerhet – Lerstadbakken og Øvre Skytterholm. Ombygging av kryss. Flytting og etablering av gangfelt.
- Strakstiltak på eksisterande sykkelnett.
- Strakstiltak Kollektiv – ny holdeplass i Spjelkavik
- Planleggingsaktivitet – Planlegging og prosjektering av sykkel-, trafiksikkerhet- og kollektivtiltak.
- Høy aktivitet i samarbeidsprosjektene Kollektivknutepunktet i sentrum, Blindheim-Flisnes og Sørsida og Brosundet.